



Åheim IL inviterer

til innandørs fotballturnering

”OLIVINCUP 2015”

Turneringa med spelaren i fokus



20. - 22. Mars 2015
i Olivinhallen
på Åheim



SPAREBANKEN MØRE



SIBELCO
NORDIC

OLIVINCUP 2015

Invitasjon er sendt til utvalgte klubbar i fotballkretsane
Sunnmøre og Sogn og Fjordane



Vi forventar fulle tribuner og god stemning.

Diskjockey som speler musikk ved scoringar og premieutdeling.

Speaker som annonserer målscorarane, samt les opp namn på alle spelarar under premieutdeling.

Kiosken i vestibylen er open heile tida med varm mat og kioskvarer.

Vi håpar mange foreldre tek seg tid til å fylgje borna sine og ynskjer alle

VEL MØTT TIL TRIVELIGE CUP-DAGAR !



Premiane og cupen er sponsa av:



SPAREBANKEN MØRE



SIBELCO
NORDIC

PÅMELDING

Påmelding kan godt komme samla for heile klubben (men vi skal klare å ta mot påmeldingar frå eit og eit lag òg)

Send påmelding på e-post til følgjande adresse:

olivincup@gmail.com

Gje opp i kva klasse laget skal spele, kven som er kontaktperson og helst både e-postadresse og mobilnummer til kontaktpersonen.

Samtidig med påmelding må ein sørge for å betale inn lagsavgift for det eller dei påmeldte laga til konto nr 3910 40 09763

Påmelding blir ikkje registrert før lagsavgifta(600,-) er betalt.

NB! Det har dei siste åra vært stor påmelding i enkelte klasser, så vi har måtta innføre prinsippet om at rekkjefølgja av påmeldte lag avgjer om dei får plass. (Registrert betaling)

Påmelding må skje innan fredag 06. mars 2015.

Speleoppsett vil bli utsendt på e-post og lagt ut på aaheim.no seinast 13. mars. Det kan bli gjort mindre endringar etter dette, men da vil vi ta kontakt meg dei laga det eventuelt gjeld for å høyre om det passar.



Spørsmål om turneringa kan rettast til: olivincup@gmail.com



SPAREBANKEN MØRE



SIBELCO
NORDIC

KLASSER:

G8 (født etter 01.01.07)	J8 (født etter 01.01.07)
G9 (født etter 01.01.06)	J9 (født etter 01.01.06)
G10 (født etter 01.01.05)	J10 (født etter 01.01.05)
G11 (født etter 01.01.04)	J11 (født etter 01.01.04)
G12 (født etter 01.01.03)	J12 (født etter 01.01.03)
G13 (født etter 01.01.02)	J13 (født etter 01.01.02)
G14 (født etter 01.01.01)	J14 (født etter 01.01.01)



PREMIERING

Alle spelarar får personlig pokal samt ein "OLIVINCUP-premie".
I klassene G13, G14, J13 og J14 får dei tre beste laga ein pokal i tillegg til den personlege premieringa.

LAGSAVGIFT

Alle lag: **kr 600,-** pr lag

DELTAKARAVGIFT

Deltakaravgifta pr spelar er kr **150,-** og dekker pokal samt "OLIVINCUP-premien".
Avgifta må samlast inn av lagleiar og betalast samla ved frammøte.

**Vi i Åheim IL gleder oss til å arrangere Olivincup for 17. gang.
Håper ditt lag kommer.**



SPAREBANKEN MØRE



SIBELCO
NORDIC

Det vert spelt med 5 spelarar (4+1) med banestørrelse 40m x 20m. (Innandørssko med lys såle må nyttast). Kampane vert spelt over 1 x 15 minutt. (Kan bli 1x12 med fleire kampar om det passar best med gruppestørrelsen)
NB!! Overårige kan ikkje nyttast utan avtale med arrangør.
En spelar kan berre delta på eit lag i same klasse i smågutar og småjenter. Vinnarar vert berre kåra i klassane for smågutar og småjenter.

NB!! Sunnmøre Fotballkrets sitt reglement for KM innandørsfotball 2008 vert nytta. Dette reglementet blir vedlagt speleoppsettet.